

MobiFORSK Hordaland 2017-2019

Mobilisering til forskingsbasert innovasjon i næringslivet i Hordaland

15.02.2017

1. Innleiing og bakgrunn

Innretning og profil

Noreg står ovanfor store omstillingsutfordringar og det er naudsynt å utvikle meir berekraftige og klimavenlege løysningar i næringslivet. I Hordaland bidreg nedgangen innan olje- og gassektoren til ekstra merksemd mot å utvikle ein meir variert og konkurransedyktig næringsstruktur. For å bidra til naudsynt fornying og omstilling vil MobiFORSK leggje til rette for meir forskingbasert innovasjon i næringslivet. I tillegg vil MobiFORSK ha som overordna mål å fremje *ansvarleg innovasjon*, med det meiner vi innovasjonar som både gir økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

Utgangspunktet for arbeidet i MobiFORSK vil vere Hordaland si spesifikke konkurranseføremom som er *kunnskapsmessig relatert mangfald*. Regionen har mange sterke bransjar og næringsklynger som slektar kunnskapsmessig på kvarandre, noko som mogleggjer innovasjonar der ein nyttar etablert kunnskap og teknologi på nye måtar. Marin sektor, maritim sektor og energisektoren er berebjelkane i næringsstruktur i regionen, og i tida som kjem er det mellom anna viktig at den sterke maritime kompetansen som i lang tid har vore engasjert i olje og gass, vert retta inn mot andre bransjar. For å oppnå dette må ein stimulere til samarbeid og kunnskapsdeling på tvers av sektorar. Det er også av stor betydning at regionen evnar å nytte potensiale som ligg i mogleggjerande teknologiar, td. knytt til digitalisering og automatisering, for å sikre berekraft innan dei tradisjonelle næringane.

Det regionale innovasjonssystemet i Hordaland, som skal fremje innovasjonsaktivitet i næringslivet, fungerer betre no enn det gjorde ved starten av VRI-programmet i 2007. I MobiFORSK vil vi bygge vidare på dei regionale samarbeidsstrukturane som er etablert gjennom tre periodar med VRI. Eit viktig element her er regionalt FoU-forum Hordaland, som blei etablert som eit sluttmaal i VRI 3. Forumet er eit uttrykk for at ein gjennom VRI-arbeidet har institusjonalisert eit regionalt partnerskap, og her deltek fylkeskommunen, FoU-institusjonar, verkemiddelaktørar, KS og næringsnettverk. Regionalt FoU forum Hordaland skal vere styringsgruppe for MobiFORSK og med det sikre forankring inn mot sentrale samarbeidspartar, samt å bidra til strategisk utvikling av prosjektet.

Et anna viktig grep for å styrke samspelet i det regionale innovasjonssystemet er etableringa av ei *mobiliseringsplattform*. Plattformen skal samordne og koordinere verkemidla innan MobiFORSK (*kompetansemekling, dialogkonferansar og mobilitet*) med dei ressursane som er tilgjengeleg for/i dei einskilde klyngeprosjekta ('*innovasjonsmeklarar*'), og innan offentleg sektor (offentleg kompetansemekling). Plattformen vil dessutan sikre ei koordinering mot andre offentlege innovasjonsverkemiddel som Horisont2020, RFF Vestlandet, Forskringsrådet sine ulike program og Innovasjon Norge.

I utviklinga av MobiFORSK har vi nytta forskingsbasert kunnskap, mellom anna utvikla ved Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) (tidlegare Senter for nyskaping, Høgskulen i Bergen). Forskinga syner at kunnskapsmessig relatert variasjon er ein av dei viktigaste drivarane for innovasjon, og at regionar i sine innovasjonsstrategiar må vidareutvikle og fornye områder der dei allereie er sterke (jf. 'smart spesialisering'-tankegangen). Vidare syner forskinga eit sterk behov for ei koordinerande eining på regionalt nivå som kan jobbe proaktivt for å hente ut synergjar og det samlande innovasjonspotensiale i regionen. Våre planer om ei mobiliseringsplattform er såleis forankra i fagdiskusjonen om *plattform policy* og *regional innovation platform*.

Læring frå VRI

Særskilt dei to verkemidla *kompetansemekling* og *dialogmøte*, og etter kvart ein kombinasjon av desse, har ein i Hordaland hatt positive erfaringar med i de ulike VRI-periodane:

Kompetansemekling har vore eit sentralt verkemiddel i VRI og kompetansemeklarar er rekrutterte frå FoU-miljø gjennom konsortieavtalar. Dette har kopla FoU-miljøa tett opp til bedriftene og tilført bedriftene mykje relevant kunnskap. Vi ynsker no i tillegg å rekruttere kompetansemeklarar frå andre miljø for å kunne tilby bedrifter enda meir variert kompetanse. Dette gjer og nye fagmiljø moglegheit for å bli ein del av det regionale partnerskapet som prosjektet er forankra i.

Dialogmøte har vore eit verkemiddel som ein har prøvd ut på litt ulike måtar i VRI Hordaland. Det er prøvd ut med modellar både kor ein har hatt opne invitasjonar rundt større tema, og meir styrte invitasjonar rundt spissa problemstillingar. Verkemiddelet har vore viktig for å mobilisere nye aktørar og nye tema inn i VRI-arbeidet, men utfordringa er at det ikkje i god nok grad har vore systematikk i oppfølginga av bedrifter og potensielle prosjektidear i ettertid på alle dialogkonferansane. I det vidare arbeidet med dette virkemiddelet er det særleg oppfølginga av bedriftene som vil bli styrka

Bedriftsprojekta i VRI har i varierende grad gjeve dei resultata i mobiliseringsarbeidet som var føreset. I MobiFORSK vil ein difor heller mobilisere bedrifter til å nytte forprosjektmidlar i RFF Vestlandet. Dette vil auke sannsynet for at forprosjekta faktisk kan mobilisere forskingsbasert innovasjon.

Prosjektets geografi

Satsinga omfattar berre Hordaland fylke. Liknande tematiske prioriteringar på tvers av fylka på Vestlandet og prosessane rundt mogleg regionreform gir grunnlag for å styrke samarbeidet på Vestlandet i perioden. Læringsarenaen som er etablert for VRI-projekta i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og RFF Vestlandet, er planlagt vidareført som ein viktig møteplass for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. Samarbeidet mellom dei fylkesvise regionsatsingane vil verte styrka i samband med førebuingane til ein mogeleg ny Vestlandsregion.

2. Prioritering

For å bidra til auka innovasjon og ei meir berekraftig verdiskapning i regionen har MobiFORSK to tematiske satsingsområder. Disse satsingsområda ligg nært opp til prioriterte tema i fylkestinga si bestilling til RFF Vestlandet for perioden 2016-2019. Dette gir oss gode moglegheiter for synergjar og samarbeid mellom MobiFORSK og forskingsfinansiering gjennom RFF Vestlandet.

2.1. Berekraftig vekst innanfor bioøkonomien

Dette tema inneheld berekraftig matproduksjon (både sjømat og landbruk), og anna utnytting av biologiske ressursar (ny bruk av avfall, bioenergi, nye ingrediensar mv.)

Mykje av verdiskapinga i vår region er knytt til sektorar som fell inn under bioøkonomien. Innan sjømat, og særleg akvakultur, er det ein eventyrleg vekst og framleis eit stort potensiale. Samstundes trengs det ny kunnskap, særleg innan akvakultur, for å sikre ein berekraftig vekst. Regionen har dessutan sterke landbrukstradisjonar. Det finst vidare store unyttta ressursar knytt til eit breitt spekter av råvarer frå skogbruk, jordbruk, havbruk, fiskeri og andre marine ressursar. Slik vi ser det har bioøkonomien eit langsiktig potensiale for berekraftig utnytting og foredling av råvarer frå jordbruk, skogbruk og marin sektor, til eit vidt spekter av verdifulle produkt som mat, dyrefor, ingrediensar, kjemikaliar, materiale, energi, fiber og andre industriprodukt. Ei satsing på forskning som både gir ny kunnskap om vestnorske råvarer og potensiale for nye smarte produksjonsprosessar, utgjer eit stort potensiale for omstilling i næringslivet og eit meir berekraftig samfunn på Vestlandet.

2.2. Teknologiutvikling gjennom bransjekryssande koplingar

Dette tema skal bidra til at eksisterande teknologi og kompetanse i regionen vert nytta på nye måtar og sikrar ein berekraftig vekst i eksisterande og nye bransjar.

Vestlandet sin økonomi byggjer på høgt produktive og innovative bedrifter innan petroleum, sjøtransport, akvakultur, fiskeri, skipsbygging, olje-installasjonar mv. Teknologiske og kunnskapsmessige er fleire av verksemdene i desse bransjane relatert til kvarandre. Skipsverft byggjer fartøy for petroleumssektoren, fiskeria og akvakulturnæringa og same selskap kan operere både innan offshore, supply og fiske. Teknologiselskapa innan olje og gass kan i større grad sjå seg om etter marknadsmoglegheiter innan akvakultur, marin sektor, helsesektoren og innan media. Mellom anna vil teknologiutviklinga som no skjer innan lakseoppdrett, med utviklinga av større flytande installasjonar, krevje ei betydelig kompetanse- og utviklingevne på leverandørsida. Det er og potensiale for å nytte kompetansen innan energinæringa til å utvikle nye og meir berekraftige energiformer (td. vind- og bølge-energi). Vidare kan det stimulerast til at eksisterande kompetanse nyttast til å utvikle heilt nye næringsområder, td. 'subsea mining', CO₂-fangst' og utvikling av maritim batteriteknologi.

2.3. Verkemidlane

Verkemidlane som skal nyttast i MobiFORSK for å stimulerer til berekraftig vekst innan bioøkonomien og teknologiutvikling gjennom bransjekryssande koplingar er *Kompetansemekling*, *Dialogmøte* og *Mobilitet*. Prosjektet vil freiste å utvikle forskingsmiljøa/forskarane sin evne til å forstå bedriftene sine behov/utfordringar og samstundes formidle relevant kunnskap. Det vert vektlagt å betre absorpsjonskompetansen i bedriftene mellom anna gjennom verkemiddelet *Mobilitet*. Absorpsjonskapasitet er knytt til bedriftene si evne til å ta opp i seg ny kunnskap.

Kompetansemekling

Kompetansemekling vil vere berebjelken i satsinga og vere det viktigaste verktøyet i arbeidet med å mobilisere bedriftene i målgruppa til å nytte forskning som verktøy i innovasjonsarbeidet. Meklinga skal rette seg mot heile settet av verkemidlar som kan stimulere til meir forskning i næringslivet, med vekt på SkatteFUNN, RFF Vestlandet og fleire av Forskingsrådet sine næringsretta program knytt til innsatsområda i MobiFORSK, mellom desse særleg BIA og Nærings PhD. Det er og aktuelt å mobilisere til meir bruk av Innovasjon Norge sine satsingar og fylkeskommunen sine utviklingsmidlar.

Kompetansemeklarane og andre i konsortiet vil samarbeide konkret med bedrifter og dessutan nytte nettverk og etablerte møteplassar for informasjon og mobilisering. Det vert i MobiFORSK lagt større ressursar enn tidligare i oppfølging etter dialogmøta. Her vil kompetansemeklarane ha ei nøkkelrolle. Betre oppfølging av bedrifter og kopling til relevant FoU-kompetanse etter dialog- og nettverksmøte vil vere eit viktig grep i satsinga. Ein ynskjer òg at meklarane i større grad informerer om prosjektverkstader for bedrifter i regi av td. NFR og Regionalt forskingsfond, samt koplar bedriftene til andre relevante tilbod

Dialogkonferansar

Virkemiddelet Dialogmøte er godt egna til å arbeide med nye koplingar både mellom temaområde og mellom aktørar som ikkje til vanleg møtast. Begge innsatsområda i MobiFORSK krev slik kontakt på tvers for å lykkast. Det er særleg fokus på å lage dialogmøte der bedrifter frå ulike bransjar, FoU og verkemiddelapparatet treffes med mål om å få fram nye idear og koplingar som kan føre til konkrete samarbeidsprosjekt (klynge til klynge, bransjeoverskridande). Tett oppfølging av bedriftene frå kompetansemeklar og verkemiddelapparatet er ein viktig suksessfaktor her.

Mobilitet

Gjennom MobiFORSK ønsker vi å vektlegge mobilitet som eit virkemiddel til å skape koplingar mellom FoU-institusjonane og bedrifter, og samtidig gjere FoU-aktivitetane meir relevante i tråd med næringslivet sine behov. Vi vil difor etablere eit program for forskar- og næringslivsmobilitet der kandidatar frå næringslivet kan få II-ar-stillingar hos FoU-institusjonar i regionen for kortarar periodar. Ein opnar og for å sjå på moglegheitene for forskarar å hospitere i bedrift. Det vert også i denne samanhengen søkje etter grunnlag for å nytte ordninga med Nærings phd i samarbeid med NFR. Det vil vere eit føremon om prosjekta er innan MobiFORSK sine to satsingsområder. Ein vil vidare vektlegge å ta omsyn til at begge kjønn er representert i prosjekta.

VRI-satsinga i Hordaland har hatt avgrensa merksemd på mobilitet som verkemiddel. Vi ønskjer no ein systematisk virkemiddelutvikling for å etablere mobilitet som eit egna verkemiddel for vår satsing. Vårt mål er å lage ei ordning som dei involverte partane finn nytte i, slike at ein ynskjer å halde fram med egne resursar og at ein i størst mogleg grad klarar å løfte samarbeidet ut frå individnivå (institusjonalisert). Vi vil og etablere strukturar som gjer prosessen vellukka og repeterbar, td. system og rutinar som FoU-institusjonane kan nytte for å ta imot og bruke engasjerte frå næringslivet. Under utviklinga av slike rutinar vil ein og sjå på om ein skal legge føringar på kva FoU-institusjonane skal nytte næringslivsresursar til for å sikre god addisjonalitet – td. at ein ikkje berre vert nytta som gjesteforelesar.

2.5. Kommunikasjon

Det viktigaste kommunikasjonsarbeidet vil vere knytt til å nå bedrifter som er i målgruppa for MobiFORSK.

Dialogmøta vil vere den viktigaste arenaen for å nå ut til bedrifter om mogelegheitene for kompetansemekling, kor deltakande bedrifter får kontaktinformasjon om dei relevante kompetansemeklarar og andre hjelparar i Hordaland. Ein vil vidare i stor grad freiste å nytte eksisterande kommunikasjonskanalar for å nå ut med informasjon og resultat. Følgjande er dei mest relevante kanalane å nytte:

- Hordaland fylkeskommune sine nye nettsider vil få egne MobiFORSK-sider som informerer om tilbodet. Nyheitssaker om oppnådde resultat vil òg verte fremja på www.hordaland.no
- Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) har både nettsider og facebook-side som vil nyttast til informasjonsformidling.
- Prosjekt som har fått støtte i RFF Vestlandet, informasjon om prosjektverkstader mm, informerast mellom anna om i nyheitsbrev som RFF Vestlandet sender ut.
- Deltakarane i *Mobiliseringsplattforma* vil vere ambassadørar i sine nettverk for dei ulike verktøya som MobiFORSK tilbyr. Dialogkonferansane vil vere den viktigaste arenaen for å nå ut til bedrifter om mogelegheitene for kompetansemekling, kor deltakande bedrifter får kontaktinformasjon om dei relevante kompetansemeklarar og andre hjelparar i Hordaland.

2.6. Kjønnbalanse

MobiFORSK vil ha merksemd på kjønnbalanse i dei operative rollane i prosjektet både som prosjektleiar og sekretariat og kompetansemeklarar. Slik prosjektet vert organisert no, vil ein ha god balanse mellom kjønna. Kompetanse og personlege eigenskapar vert likevel vurdert som viktigare enn kjønn. I Hordaland har ein kvinner i leiande stillingar i tre av NCE-ane, som alle vil vere deltakarar i mobiliseringsplattforma. I utlysinga av nye kompetansemeklarar vil òg kjønn kunne vere eit teljande kriterium for val av kompetansemeklarar.

Saman med RFF Vestlandet vil ein vurdere å arrangere ei erfaringssamling for prosjekt som er gjennomført med kvinner i leiande posisjonar, for slik å få nyttige erfaringar i arbeidet med forskningsbasert innovasjon vidare. For innovasjonsprosessar vurderer fylkeskommunen kjønnbalanse og etnisk mangfald som viktig for å få inn ulike perspektiv, men vil ikkje la dette vere førande for val av bedrifter som vert brukarar av MobiFORSK.

3. Mål

Hovudmål: Mobilisere til auka forskning og innovasjon i næringslivet i Hordaland for å bidra til berekraftig verdiskaping og «grøn» omstilling.

Delmål	Aktivitet 1.	Aktivitet 2.
Delmål 1. Auke forskingsinnsatsen i bedrifter med liten forskingserfaring og/eller bedrifter med stor grad av erfaringsbasert innovasjon; gjerne i samarbeid med bedrifter med meir forskingserfaring.	Identifisere bedrifter i målgruppa ved hjelp av dialogmøte og mobilitet.	Samarbeid med klynger og næringshagar for å identifisere bedrifter.
Delmål 2. Mobilisere bedriftene til å ta i bruk ulike regionale, nasjonale og internasjonale verkemiddel og støtteordningar; med særleg vekt på mobilisering til forprosjekt og hovudprosjekt i RFF Vestlandet, SkatteFUNN, BIA, andre innovasjonsprogram i NFR, Horizon 2020, Nærings PhD og Mobilitet.	Kompetansemeklarane i kontakt med bedriftene skal identifisere utfordringane og informere om ordningar og finansierings-muligheiter.	Vere til stades på eksisterande møteplassar i og mellom klyngene, næringshagane, bransjeorganisasjonane og andre nettverk og samarbeide med dei etablerte prosjekta for mobilisering til Horizon 2020.
Delmål 3. Betre kvaliteten på forskingsprosjektsøknadane	Utvikle system for meklingsoppfølging av bedrifter etter dialogmøte, møte med enkeltbedrifter og prosjektverkstader i samarbeid med NFR, RFF-Vestlandet og BTO.	Vidare utvikling av verktøy for prosjektbeskriving og vurdere «design thinking» som metode.
Delmål 4. Vektlegge å få utvikla minimum 2 – 4 forskingsprosjekt pr år som vil medverke til omstilling og gode klima- og miljøløysingar.	Utvikle evalueringskriteria for klima- og miljøprosjekt	
Delmål 5. Bidra til kopling mellom bedrifter i relaterte bransjar og næringar.	Gjennomføre dialogmøte/ for koplingar på tvers av bransjar og mellom klynger.	Oppfølging av prosjekt initiativ Samarbeid med klynger og næringshagar
Delmål 6. Ha ei gjennomgåande kvinnesatsing	Vektlegge kjønnsbalanse i rekruttering av kompetansemeklarar	Ta omsyn til kjønnsbalanse i mobilitetsprosjekta

Forventa effektar:

- Fleire og betre søknadar til regionale, nasjonale og internasjonale forskingsfond
- Meir forskning og høgare absorpsjonskapasitet i næringslivet
- Styrka koplingar og betring i FoU miljøa sin forståing av bedriftens behov
- Meir kopling mellom relaterte næringar og bransjar (klynge til klynge)
- Fleire forskingsinitiativ som vil bidra til «grøn omstilling» og gode klima- og miljøeffektar

Aktivitetsmål:

Aktivitet	Antall i prosjektperioden
Bedrifter prosjektet er i kontakt med (unike enkeltbedrifter)	270
Mobilitetsprosjekt	12
Dialogmøte	12
Mobiliseringsplattform møte	12

Resultatmål:

Finansieringsordningar	Antall søknader i prosjektperioden
Ulike forprosjektordningar; RFF Vest kvalifiseringsprosjekt	30
SkatteFUNN	45
RFF hovedprosjekt	15
Nasjonale innovasjonsprogram *)	15
Nærings-ph.d.	6
Horisont 2020 SMB-programmet, Interreg og andre ordningar i EU	6

*) Forskningsrådets næringsretta program, IFO/OFU og miljøteknologiordninga i Innovasjon Norge

4. Forankring

Prosjektet MobiFORSK er utvikla i ein dialog mellom Innovasjon Noreg, Regional representant for Forskningsrådet, RFF Vestlandet, Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Hordaland fylkeskommune (HFK). Regionalt næringsforum er den regionale partnarskapen i Hordaland, og har som styringsgruppe for VRI 3, vore konsultert i utarbeidinga av søknaden.

MobiFORSK vil ha to formelle partnarar. Dette er Høgskulen på Vestlandet og Hordaland fylkeskommune. Ei rekke andre aktørar vil bli trekt inn i samarbeidet om prosjektet. Dette er skildra i andre avsnitt.

Hordaland fylkeskommune har fleire styringsdokument 1 som legg vekt på forskning som drivar for regional utvikling. Fylkeskommunen er dessutan vertsfylkeskommune for RFF Vestlandet og har i fleire år arbeidd systematisk med å leggje til rette for meir forskning i næringslivet.

Høgskulen på Vestlandet har delteke i VRI frå starten og er ein viktig partnar også i MobiFORSK. Mohnsenteret har nøkkelkompetanse som MobiFORSK vil dra vekslar på. Høgskulen vil bidra med kompetansemekling og organisere verkemiddelet Mobilitet.

Ein vesentleg del av budsjettet for MobiFORSK vert halde ope for å knyte til seg kompetanse frå andre miljø inn mot virkemidla. Dette vil skje gjennom eit offentleg innkjøp.

Regionalt vert innsatsen koordinert gjennom Regionalt FoU forum og Mobiliseringsplattforma.

Det vert også organisert fellesmøter med tilsvarande satsingar i nabofylka og dette vil vere vidareføringa av «læringsarena» frå VRI. Vidare vil det etablerast samarbeid og koplingar til omstillingssatsingane i Hordaland.

MobiFORSK vil vere tett kopla til Regionalt forskingsfond Vestlandet ved at innsatsen tematisk er samanfallande. Det er vidare vektlagt at mobiliseringa i stor grad bør vere retta mot finansiering av prosjekt i RFF Vestlandet, og då særleg til forprosjekt/kvalifiseringsprosjekt. I

¹ Regional næringsplan for Hordaland 2013 -2017, Handlingsprogram for næringsutvikling, Klimaplan for Hordaland og Regional forskingsstrategi 2015-2019.

tillegg vil det leggast vekt på søknadar til SkatteFUNN og NFR sine bedriftsretta satsingar og EU-finansiering.

RFF Vestlandet har etablert gode og etterspurte opplegg for prosjektverkstader både for bedrifter og offentleg sektor. Kompetansemeklarar frå MobiFORSK vil vere naturlege aktørar på desse arenaene, både for mobiliseringsaktivitet og som faglege bidragsytarar. På same måte vil RFF Vestlandet vere ressursar på ulike dialogmøte i regi av MobiFORSK.

Ein vil legge opp til læring og felles utvikling av MobiFORSK og RFF Vestlandet fram mot den nye regioninndelinga, og RFF vil vere ein aktør som kan knyte dei ulike regionale satsingane i kvart fylke nærare kvarandre. Dette kan styrke koplinga mellom mobilisering og finansiering av forskning i dei nye regionane.

5. Organisering

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har prosjektansvaret og vil òg ha prosjektleiinga som inneber det administrative og overordna ansvaret for gjennomføring av MobiFORSK. Dette inneber ansvar for leiing, økonomistyring og rapportering til NFR. Vidare skal fylkeskommunen leie mobiliseringsplattforma og administrere finansieringa av dialogmøte. Hordaland fylkeskommune har ansvaret med å rekruttere kompetansemeklarar utanom Høgskolen på Vestlandet, i samsvar med regelverk for offentlege innkjøp.

Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet er den viktigaste samarbeidspartnaren og bidreg med kompetansemekling og gjennomføring av ordninga med mobilitet. Høgskulen får økonomisk tilskot frå MobiFORSK. Dette samarbeidet skal avklarast med ein samarbeidsavtale.

Andre samarbeidspartnarar

FoU-institusjonar kan koplast inn i konkret arbeid i forhold til mobilisering; t.d. i dialogmøte. Klynger, bransjenettverk og næringshagar er planlagt å koplast til MobiFORSK; mellom anna gjennom deltaking i Mobiliseringsplattforma, bidrag i dialogmøte mm.

NFR og RFF Vestlandet og Innovasjon Norge vil bidra både i informasjon om verkemiddel, kompetansemekling, mobilisering til internasjonale verkemiddel/H2020 og prosjektverkstader for bedrifter. Ein vil òg freiste å utvikle samarbeidet med Innovasjon Norge sitt bedriftsretta apparat vidare. NFR vil bidra med kursing av kompetansemeklarar. Det vil etablerast samarbeid med prosjekt som mobiliserer til Horizon 2020 og Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Nabofylka vil vere samarbeidspartnarar innafør definerte felles tematiske satsingar ; t.d. bioøkonomi og samarbeide i felles «læringsarena».

Mobiliseringsplattform

Mobiliseringsplattforma er ei vidareføring og vidareutvikling av «kompetansemeklarmøte» som har vore samarbeidsgruppa i VRI3. I Mobiliseringsplattforma deltek dei som er operatør av virkemidlar i MobiFORSK, men dette tiltaket vil vere open for alle som konkret arbeider med mobilisering til innovasjonsforskning frå dei ulike aktørar i det regionale innovasjonssystemet. Dette vert eit nytt grep som skal etablerast og utviklast. Med hovudbase i Hordaland er det i dag fire NCE prosjekt og eit GCE prosjekt. Alle desse arbeider med mobilisering til forskning, og har etter kvart eigne folk tilsette for dette føremålet. Desse konkrete personane vil særleg verte inviterte til å delta i

Mobiliseringsplattforma. I tillegg vil dei som arbeider med mobilisering innan RFF Vestlandet, Hordaland fylkeskommune, NFR Hordaland, Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen, BTO/Nyskapingsparken og næringshagane kunne vere aktuelle deltakarar. Hordaland fylkeskommune arbeider for tida saman med KS om mobilisering til innovasjonsforskning i kommunal sektor. Erfaringane frå eit slikt tilstøytande initiativ kan vere viktig å trekke inn i Mobiliseringsplattforma. Samarbeidet og arbeidsdelinga vil omhandle konkrete oppgåver som: dialogmøte, kompetansemekling, informasjon om finansieringsordningar, prosjektverkstader med meir. I tillegg vil FoU-institusjonane, næringsnettverk og organisasjonar koplust inn for mellom anna å identifisere bedrifter i målgruppa. Den etablerte strukturen for mobilisering til søknadar mot Horizon 2020, med nettverksprosjektet Horisont Vest og den breitt samansette regionale mobiliserings- og koordineringsgruppa vil i nokre tilfelle også vere vil aktuelle deltakarar i plattforma.

GCE Subsea, NCE CleanTech og NCE Seafood arbeider aktivt med bedriftene for å få til utvikling og innovasjon med direkte relasjon til satsinga innan nye koplingar innan teknologi frå hav- og energinæringane. Innovasjonsleiarane i klyngene vil ein knytte opp til prosjektet gjennom plattforma og samarbeide med i høve mobilisering. Landbrukssektoren, Fylkesmannen og grøn kompetansemeklar som jobbar med mobilisering av bedrifter innan landbruk, lokal mat og bioøkonomi vil også verte koplust inn. Gjennom etablering av mobiliseringsplattforma ynskjer vi å legge til rette for overføring av kunnskap og metodikk samt utvikle innovasjonssystemet i Hordaland. Mobiliseringsplattforma vert leia av Hordaland fylkeskommune

Regionalt FoU-Forum.

Regionalt FoU-forum var eit slutt mål i VRI3. Hordaland fylkeskommune; Regionalavdelinga v/Jone Engelsvold er leiar av Regionalt FoU forum. Forumet får ei viktig rolle som referansegruppe i MobiFORSK. Regionalt FoU forum er ei koordinerande arbeidsgruppe for iverksetting av Regional FoU strategi. Høgskulen i Bergen, Universitetet i Bergen, NFR, Innovasjon Norge, KS Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen Næringsråd, RFF Vest, Bergen Næringsråd, Nordhordland næringslag, Bergen kommune, Bergen Teknologioverføring og HFK er med i FoU-Forum. Som referansegruppe skal Regionalt FoU forum i første rekke vere ein arena for forankring og strategisk utvikling av MobiFORSK-prosjektet.

Forumet drøftar den samla forskingsaktiviteten i Hordaland, og vil kunne peike på område der det er særleg behov for næringslivsmobilisering. Det er også aktuelt å drøfte tema for dialogkonferansar, og delta i tilrettelegging av slike gjennom organisasjonane som er deltakarar i forumet. Regionalt FoU forum vil vidare drøfte handlingsplanar og rapportar frå MobiFORSK.

Roller i prosjektet


Organisasjon	Namn	Funksjon i MobiFORSK
HFK	Bård Sandal, Mette Nora Sætre	Prosjekteigar Prosjektansvar
HFK	Ingjerd Skogseid Jostein Farestveit, Siri Hanson, Inge Døskeland Jone Engelsvold	Prosjektleiing og Mobiliseringsplattform Saksbehandling av finansiering av mobilitetsprosjekt og dialogmøte, deltakar i prosjektgruppe Leiar av Regionalt FoU Forum /referansegruppe og deltakar i prosjektgruppe
HVL - Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling*)	Øyvind Midtbø Berge Sigurd Handeland Jens Kristian Fosse Knut Vindenes	Kompetansemekling, dialogkonferansar og mobilitet
Innkjøpte ressursar	Tenestekjøp i tråd med reglar for offentlege innkjøp	Kompetansemekling og dialogmøte
Innovasjon Norge	Kristine Timberlid	Samarbeidspart
RFF VEST	Jone Engelsvold og Randi Lotsberg	Samarbeidspart
NFR Hordaland	Mette Fagerli	Samarbeidspart

*)Samarbeidet skal skildrast i eigen avtale

Samla framdriftsplan

MOBIFORSK – Samla framdriftsplan med milepæler

Hovudaktivitet	2017 1 kvartal	2 kvartal	3 kvartal	4 kvartal	2018	2019
Kompetansemekling						
Dialogmøte		x x	x	x	x x x x	x x x x
Mobilitetsprosjekt			x x	x x	x x x x	x x x x
Mobiliseringsplattform		x	x	x x		
Administrasjon og prosjektleiing						



Fargekode	Ansvar
Mobiliseringsplattform	Hordaland fylkeskommune
Administrasjon	Hordaland fylkeskommune
Dialogmøte	Høgskulen på Vestlandet, andre kompetansemeklarar og fylkeskommunen
Mobilitetsprosjekt	Høgskulen på Vestlandet
Kompetansemekling	Høgskulen på Vestlandet og andre kompetansemeklarar

Samla budsjett og ressursinnsats

Kostnader

Kostnader	2017	2018	2019	SUM
Prosjektleiing	210 000	210 000	210 000	630 000
Mobilitet; planlegging og gjennomføring i regi av HVL	100 000	100 000	100 000	300 000
Mobilitetsprosjekt	300 000	300 000	300 000	900 000
Dialogmøte; gjennomføring	190 000	190 000	190 000	570 000
Kompetansemekling i regi av HVL	1 200 000	1 200 000	1 200 000	3 600 000
Kompetansemekling (utlysning)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
SUM	3 000 000	3 000 000	3 000 000	9 000 000

Finansiering

Kjelde	2017	2018	2019	SUM
NFR tilskot	2 550 000	2 550 000	2 550 000	7 650 000
HFK midlar	450 000	450 000	450 000	1 350 000
SUM	3 000 000	3 000 000	3 000 000	9 000 000

Hordaland fylkeskommune

Totalt vert kr 5.5 mill av midlane i prosjektet fordelt til Hordaland fylkeskommune til slik aktivitet:

- 630 000,- prosjektleiing
- 570 000,- finansiering av dialogmøte
- 900 000,- til finansiering av mobilitetsprosjekt.
- 3 000 000,- innkjøp av tenester til kompetansemekling

Eigeninnsats HFK

Forvalte midlar til dialogkonferansar og til mobilitetsprosjekt er HFK sin eigeninnsats og er ikkje lagt inn i budsjettet.

Høgskulen på Vestlandet

Kr 3.9 mill vert tildelt HVL i tråd med samarbeidsavtale mellom HFK og HVL. Midlane vert fordelt til slik aktivitet:

- Kr 3 600 000,- til kompetansemekling og oppfølging av bedrifter
- Kr 300 000,- til planlegging og gjennomføring av mobilitet

Eigeninnsats HVL

HVL vil også bidra med eigeninnsats innan aktivitetane kompetansemekling, dialogkonferansar og mobilitet, men dette er ikkje ein del av budsjettet.